

Vurderingar av søknader for tildeling i kvar kommune i Sogn og Fjordane

Kommune	Vurdering
Askvoll	Askvoll har i år 7 søknader. 4 ordinære anlegg, 3 nærmiljøanlegg. Dei 4 søknadane på ordinære anlegg vert tildelt midlar. Treningsrom i Bulandet symjehall og kunstgrasbane på Atløy stadion ligg i regional plan med prioritet i 2018. Dagsturhytte og brygge ved Bulandet symjehall vert definert som friluftsliv anlegg og skal prioriterast. Ettersom tildelinga til ordinære anlegg er så stor vert det ikkje rom for tildeling til nokon av nærmiljøanlegg søknadane.
Aurland	Frå Aurland kom det i år 8 søknader. 5 ordinære, 3 nærmiljøanlegg. 3 av søknadane vert tildelt midlar. Dette er; Brekkefossen tursti, fleirbruksområde i Vassbygdi og Dagsturhytta. Rehabilitering av bassenget ligg med prioritering i regional plan frå 2019.
Balestrand	Det er i år søkt midlar til 9 anlegg, og vi ser ei stor satsing på friluftsliv. 6 av søknadane får tildeling, 5 av desse er friluftsanlegg og er dermed prioritert, medan kunstgrasbane på Kreklingen stadion er prioritert i regional plan.
Bremanger	Bremanger hadde i år 8 søknader. 3 ordinære, 5 nærmiljøanlegg. 6 av søknadane vart godkjend. 4 søknader får tildeling. Aktivitetsjungel i Ålfoten har 1.prioritet for nærmiljøanlegg og er revidert. Karlskaret turløyper og Dagsturhytte er friluftslivsanlegg og dermed prioritert. I tillegg får ballbane ved Kolset skule tildeling på grunn av høg kommunal prioritet.
Eid	Eid søkte i år om midlar til 31 anlegg. 19 ordinære, 12 nærmiljøanlegg. 6 søknadar var ikkje godkjend grunna manglande finansiering. 8 søknadar får tildeling. Rehabilitering av utførløype og etablering av rullestoløype i Harpefossen er prioritert i regional plan. Klubbhus ved Harpefossen er ferdig og revidert og vert dermed også prioritert. Utviding av trasè ved Tua skyttaranlegg har 1.prioritet i kommunen og vert derfor prioritert, samtidig vert dagsturhytta prioritert ettersom det er eit friluftslivsanlegg. Av nærmiljøanlegga vert ballbinge ved Nordfjordeid skule og på Alsaker, samt treningsapparatpark ved Sagaparken tildelt midlar på grunn av at dei er revidert og har høg kommunal prioritet.
Fjaler	I år har Fjaler levert 7 søknader. 4 ordinære, 3 nærmiljøanlegg. 2 søknadar vart ikkje godkjend på grunn av manglande finansiering. 3 søknader får tildeling. Flekkestølen tursti har kommunal 1.prioritet på nærmiljøanlegg, medan klubbhus i Stavadalen for Dale skyttarlag har 1.prioritet på ordinære anlegg. I tillegg er dagsturhytta eit friluftslivsanlegg og dermed prioritert for tildeling.
Flora	Det er i år søkt midlar til 20 anlegg. 11 ordinære, 9 nærmiljøanlegg. 7 anlegg får tildeling. Klubbhus på Grovastøylen er ferdig revidert, har kommunal 1.prioritet og får dermed tildeling. Dagsturhytta er eit friluftslivsanlegg og derfor også prioritert i år. Det har vore ei stor satsing på uteområdet på Eikefjord skule dei siste åra, no er desse anlegga ferdig revidert og 5 nærmiljøanlegg her får derfor tildeling.
Førde	Førde har i år 31 søknadar. 14 ordinære, 17 nærmiljøanlegg. 3 søknader vart ikkje godkjende. 12 av søknadane får tildeling. Klubbhus i Hafstadparken er ferdig revidert og har 1.prioritet i kommunen blant ordinære anlegg og får derfor tildeling. Båthus for Sunnfjord kajakklubb er også ferdig revidert og har høg kommunal prioritering og vert tildelt midlar. Tre sandvolleyballbaner i Hafstadparken får også tildeling ettersom dei er ferdig bygd og ferdig revidert. O-kart Kinna vert tildelt ettersom det er ein søknad frå frivillig sektor. Tennisbane i Hafstadparken vert tildelt på grunna lav anleggsdekning for tennis

	i regionen. Snøproduksjonsanlegg har 2. prioritet i kommunen, men kom ikkje i mål med søknaden og vert derfor ikkje vurdert for tildeling. Skateområde og rulleskianlegg er høgt kommunalt prioritert, men vert ikkje tildelt ettersom dei ikkje er ferdig og på grunn av høg søknadssum samanlikna med ferdige anlegg med lågare kommunal prioritet. For nærmiljøanlegg er to ballbaner og klatrevegg i Hafstadparken ferdig revidert og har høg kommunal prioritering og får dermed tildeling. Akebakke på Vie, eigd av Vie grannelag, er også ferdig revidert og får tildeling. I tillegg får tursti Flatene – Bekkjavatnet, eigd av Ytre Hafstad grendalag, tildeling ettersom dette er eit friluftslivsanlegg.
Gaular	I Gaular er det søkt om midlar til 11 anlegg. 8 ordinære, 3 nærmiljøanlegg. 4 søknader får tildeling. Squashhall, klatrehall og oppløringsbasseng er prioritert for tildeling i 2018 i regional plan. Turløype på Langeland, eigd av Langeland ski- og fritidssenter AS er vurdert som friluftslivsanlegg i samråd med søkjar, og vert derfor prioritert for tildeling. Grunna stor tildeling på ordinære anlegg vert det ikkje tildelt midlar til nærmiljøanlegg.
Gloppen	Frå Gloppen kom det i år 22 søknadar. 16 ordinære, 6 nærmiljøanlegg. 7 søknadar får tildeling. Av nærmiljøanlegg får ballbinge på Myklebustflata tildeling grunna høg prioriterting og fordi den har vore fornya i mange søknadsomgangar. Blant ordinære anlegg er rehabilitering av Firdahallen og etablering av Trivselshallen prioritert i regional plan. I tillegg får dagsturhytta og tursti i Trivselsskogen, saman med Stisykkelsenter i Vereidebakkane tildeling på grunn av at det er friluftslivsanlegg, og dermed prioritert i 2018.
Gulen	Gulen har i år 7 søknadar. 4 ordinære, og 3 nærmiljøanlegg. 3 søknader får tildeling. Rehabilitering av trasè på Den Trondhjemske Postvei og dagsturhytte får tildeling på grunn av at friluftslivsanlegg er prioritert i år. På nærmiljøanlegg får klatrevegg på Brekke skule tildeling på bakgrunn av høg kommunal tildeling samt at den er ferdig revidert.
Hornindal	Det er i år søkt midlar til to anlegg. 1 ordinært, 1 nærmiljøanlegg. Snøproduksjonsanlegg i Hornindal skisenter, som er eit ordinært anlegg vert prioritert. Grunna høg tildeling på ordinære anlegg vert det ikkje rom for å tildele til nærmiljøanlegg.
Hyllestad	Hyllestad har i år 5 søknader. Alle søknadane er på ordinære anlegg. Her vert etablering av første tildeling til Hyllestadhallen på 500 000 kr prioritert. Første tildeling skulle skje i 2019, men er flytta fram til 2018. Kommunen fekk ikkje på plass grunneigaravtale for dagsturhytta innan den utvida fristen 1.mai. Dermed kan ikkje denne tildelast. I tillegg har skyttarlaget valt å avstå frå tildeling til klubbhus i år fordi dei ikkje er kome langt nok i prosjektet.
Høyanger	Frå Høyanger kom det i år 6 søknadar. 3 ordinære, 3 nærmiljøanlegg. 4 søknadar får tildeling. Rehabilitering av Sletta stadion er prioritert i regional plan og dagsturhytta er eit friluftslivsanlegg og skal prioriteras i 2018. Av nærmiljøanlegg har Holmen friluftsområde kommunal 1.prioritet, medan rehabilitering av ballbane ved Høyanger skule er ferdig revidert, begge får dermed tildeling.
Jølster	Jølster har i år 7 søknadar. 4 ordinære, 3 nærmiljøanlegg. 3 søknadar får tildeling. Sunnfjord golfklubb sitt barnegolfanlegg er prioritert for tildeling i regional plan. Av nærmiljøanlegga vert lysanlegg til multisportsanlegg i Bjørkelia prioritert ettersom det har kommunal 1.prioritet. I tillegg får Grungen turløype tildeling ettersom det er eit friluftslivsanlegg og dermed prioritert.
Leikanger	Det er i år søkt midlar til 4 anlegg i Leikanger. 2 ordinære, 2 nærmiljøanlegg. 2 av søknadane vert tildelt midlar. Dagsturhytte er eit friluftslivsanlegg og er prioritert i 2018, medan klubbhus for Leikanger skyttarlag har høg kommunal

	prioritet. Grunna høg tildeling på ordinære anlegg vert det ikkje rom for å tildele til nærmiljøanlegg.
Luster	Frå Luster kom det i år 21 søknadar. 11 ordinære, 10 nærmiljøanlegg. 8 søknader får tildeling. Dagsturhytte og Gaupne turområde er friluftslivsanlegg og dermed prioritert i år. Treningsbasseng i Lustrabadet og kunstgrasbane på Gaupne idrettspark er prioritert for tildeling i 2018 i regional plan. Av nærmiljøanleggene får klatrepark i Gaupne og Hafslo, samt to turstiar i Mollandsmarki tildeling ettersom dei er ferdig bygd, ferdig revidert og har høgt kommunal prioritering.
Lærdal	Lærdal har i år 3 søknadar. 2 ordinære, 1 nærmiljøanlegg. Klubbhus ved Lærdal stadion, som er eit ordinært anlegg får tildeling grunna kommunal 1.prioritet. Det vert ikkje rom for å tildele til nærmiljøanlegg.
Naustdal	Det er søkt midlar til 11 anlegg i Naustdal. 5 ordinære, 6 nærmiljøanlegg. 2 søknadar får tildeling. Dette er universal utforming og styrkerom i Naustdalahallen. Begge søknadane er prioritert for tildeling i 2018 i regional plan. Med store tildelingar i regional plan vert det ikkje rom for å tildele til nærmiljøanlegg.
Selje	Selje leverte 5 søknadar i år. 1 ordinær, 4 nærmiljøanlegg. Dagsturhytte er eit friluftslivsanlegg og vert dermed prioritert for tildeling i år. Det vert ikkje rom for å tildele til nærmiljøanlegg.
Sogndal	Frå Sogndal kom det i år 21 søknadar. 16 ordinære, 5 nærmiljøanlegg. 5 av søknadane var ikkje godkjende. Av dei godkjende får 5 anlegg tildeling. Av nærmiljøanlegg får rehabilitering av ballbane ved Ylvisåker stadion tildeling grunna kommunal 1.prioritet. Av ordinære anlegg er dagsturhytta prioritert ettersom det er eit friluftslivs anlegg. Treningsbasseng i Sogndal symjehall og kunstgrasbane på Kvåle stadion og Fosshaugane Campus er alle prioritert for tildeling i 2018 i regional plan. To nedfartar i Sogndal skisenter var og prioritert for tildeling i regional plan 2018, men har avstått frå tildeling i år og bedt om å bli prioritert i 2019.
Solund	Solund har i år levert 5 søknadar. 4 ordinære, 1 nærmiljøanlegg. Det er to søknadar som får tildeling. Dagsturhytte er eit friluftslivs anlegg og er dermed prioritert for tildeling. Kunstgrasbane på Hardbakke ligg med prioritering i regional plan i 2018, er ferdig revidert og har 1 prioritet i kommunen, derfor får denne også tildeling. Grunna høg tildeling på ordinære anlegg vert det ikkje rom for å tildele til nærmiljøanlegg.
Stryn	Det er søkt midlar til 9 anlegg i Stryn. 6 ordinære, 3 nærmiljøanlegg. 3 søknadar får tildeling. Kunstgrasbane på Stryn stadion og rehabilitering av Strynehallen ligg i regional plan med prioritet i 2018 og får dermed tildeling. Klubbhus ved Loen stadion er kommunal 1.prioritet for ordinære anlegg og får tildeling. Grunna høg tildeling på ordinære anlegg vert det ikkje rom for å tildele til nærmiljøanlegg.
Vik	Frå Vik kom det i år 6 søknadar. 3 ordinære, 3 nærmiljøanlegg. 1 vart ikkje godkjend. Av dei godkjende søknadane får 3 tildeling. Sanitæranlegg ved Vik Aktivitetspark har kommunal 1.prioritet av ordinære søknadar. Av nærmiljøanleggene får trimpark og sandhandballbane i Vik Aktivitetspark tildeling ettersom dei har høg kommunal prioritering.
Vågsøy	Vågsøy har søkt midlar til 20 anlegg. 4 ordinære, 16 nærmiljøanlegg. 4 søknadar får tildeling. Dagsturhytte og vassportsanlegg med trasè er friluftslivs anlegg og har dermed prioritet i år, i tillegg vert første tildeling til Idrettshall ved Vågsøy

	<p>ungdomsskule, som ligg i regional plan, flytta fram frå 2019 til i år, ettersom andre anlegg i regional plan har bedt om å bli flytta frå 2018 til 2019. Av nærmiljøanlegg får skateområde på Vågsøy ungdomsskule tildeling ettersom den har kommunal 1.prioritet.</p>
Årdal	<p>Årdal leverte 8 søknadar i år. 3 ordinære, 5 nærmiljøanlegg. 3 søknadar får tildeling. Ridehall i Seimsdalen ligg i regional plan med prioritering i 2018. Dagsturhytte er eit friluftslivsbygg og skal prioriterast i år. Av nærmiljøanlegga har ballbinge i Seimsdalen kommunal 1.prioritet og er ferdig revidert og får derfor tildeling.</p>